
Saknr:	2026/4095-9
Saksbehandlar	Thorbjørn Aarethun Matti Torgersen
Dato:	13.04.2026

Til: Vestlandsrådet

Frå: Fylkesdirektøren

Tillegg 1 til PS 5/26 - forslag til innspel om auka løyvingar til fylkesvegvedlikehald i RNB 2026

Fylkesdirektøren foreslår følgjande innspel frå Vestlandsrådet til Stortinget sitt arbeid med revidert nasjonalbudsjett 2026;

«I arbeidet med nasjonal transportplan 2025-2036 er det dokumentert at fylkesvegnettet har vesentleg lågare standard enn riksvegnettet. Desse skildnadene har auka over tid og det har oppstått eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, med auka risiko for trafikkulukker, dårlegare framkome og redusert samfunnstryggleik på fylkesvegnettet.

Vestlandsrådet peikar på at vedlikehaldsetterslepet er særleg stort i kystfylka på Vestlandet, der krevjande topografi, klima, mange tunellar, bruer, ferjekaiar og skredutsette strekningar gir høgare belastning og kostnader enn landsgjennomsnittet.

*Statens vegvesen har berekna at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg i landet er om lag **93 mrd. kroner** (2022-kroner).*

For fylka i Vestlandsrådet er etterslepet berekna slik:

- **Vestland:** 18,4 mrd. kr
- **Møre og Romsdal:** 9,3 mrd. kr
- **Rogaland:** 5,1 mrd. kr

*Desse tala er usikre, da metodikken ikkje fullt ut fangar opp høgare kostnader på vegar med låg standard, smale tverrprofilar og krevjande topografi. Møre og Romsdal fylkeskommune si eiga kartlegging frå 2023 viste til dømes eit samla vedlikehaldsetterslep på **16,9 mrd.kr.***

Vestlandsfylka har særlege utfordringar, der fylkesvegnettet er prega av:

- mange og lange tunellar, bruer og ferjekaiar,
- smale vegar med krevjande kurvatur,
- og høg eksponering for skred og andre naturfarar

Klimaendringar forsterkar risikoen for flaum, erosjon og skred, og aukar belastninga på eit allereie sårbart fylkesvegnett.

Berekningane viser altså at vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg er svært stort, og samla for fylka i Vestlandsrådet utgjer det fleire titals milliardar kroner. Vestlandsrådet er sterkt kritisk til berekningsmodellane i dagens finansieringssystem, som i all hovudsak legg opp til å dekke kostnader for å oppretthalde dagens nivå, og ikkje for å ta att vedlikehaldsetterslepet.

Vestlandsrådet ber Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett 2026 om ei øymerka tilleggsløyving til styrking av vedlikehaldet på fylkesvegane på Vestlandet, og at dette vert vidareført og lagt inn i rammeoverføringane til fylkeskommunane i statsbudsjettet for 2027.»